

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland, ekstramøte
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	12.04.2019
Tid:	10:00

Program

Kl. 10.00 – 11.00 Saksbehandling

Til dette møte har Trond Sanne Haga meldt forfall – vara er kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i styret for Fagskolen i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Kvamme
styresleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 15/19	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 16/19	*****	2019/1863	X
PS 17/19	Ymse		

PS 15/19 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Rektor - Fagskolen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Hordaland fylkeskommune er skuleeigar for Fagskolen i Hordaland og har ansvar for å ivareta lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov knytt til fagskoleutdanning. Fagskolen i Hordaland er ei viktig regional utdanningsaktør i Hordaland og samarbeider tett med relevant arbeidsliv.

Fagskoleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande utdanning. Ei fagskoleutdanning kan ha eit omfang på 30 til 120 / 180 studiepoeng. Som oppfølging av stortingsmelding 9 (2016-2017) «Fagfolk for fremtiden - Fagskoleutdanning» blir det gjort store endringar for å løfte skuleslaget for at enda fleire skal velje ei yrkesfagleg høgare utdanning. Hordaland fylkeskommune ønskjer at fagskolen skal vekse og arbeide strategisk med å utvikle utdanningar i tråd med arbeidslivet sitt behov. Fylkestinget har også vedteke eit nytt bygg for fagskolen på Laksevåg saman med Laksevåg vidaregåande skule, og programmeringsfasen for ny-bygget er starta opp.

Fagskolen i Hordaland har fagskolestyret som styringsorgan, og rektor er skolen sin øvste administrative og faglege leiar. Fagskolen i Hordaland har om lag 1200 fagskolestudentar fordelt på 19 heiltids- og deltidsutdanningar og om lag 120 tilsette. I tillegg har Fagskolen både kursverksemd og oppdragsverksemd. Hovudadministrasjonen og dei tekniske og helsefaglege utdanningane er lokalisert i Haugeveien 28 på Nordnes. Dei maritime og petroleumstekniske utdanningane finn ein på Nedre Nygård, der Bergen Maritime vidaregåande skole ligg i dag. Fagskolen har utdanningsstilbod fleire stader, m.a. Voss med tilbod innan anlegg og Austevoll innan nautikk (dekksoffiser). På Hjeltnes i Ulvik kan ein studere for å bli arborist eller fordjupe seg innan Lokal Matkultur.

Fagskolen i Hordaland har eit stort og variert utval av utdanningar med tilbod innan maritime, tekniske, petroleumstekniske, grøne- og helsefag. Eit svært godt samarbeid med arbeidslivet og utdanningane skal utviklast vidare og ha yrkesrelevans i samsvar med lovkrav. Innovasjon og utvikling av nye studietilbod ut frå behov for kompetanse og arbeidskraft er sentrale oppgåver for Fagskolen. Fagskolen samarbeider med vidaregåande skolar og høgskolar både i høve til fagleg utveksling, sambruk av relevant utstyr og rekruttering av studentar.

Les meir her <https://www.hordaland.no/fagskole>

Arbeidsoppgåver

- **Vi søker etter ein rektor som:**
- Leiar og utviklar skolen i samsvar med styret sitt ansvar for studentane sitt læringsmiljø, kvalitet i utdanninga og fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag i høve til innovasjon, kompetanse og arbeidskraft.
- Legg til rette for å utnytte fagleg kompetanse, gir rettleiing og støtte i arbeidet med å bygge fellesskap i organisasjonen med sikte på gode læringsprosessar for studentane.
- Utøver strategisk leiing og legg til rette for utviklingsprosessar, kompetanseutvikling, læring og kulturbygging i fagskolen som organisasjon.
- Er oppteken av å halde ved like og skape eit attraktivt arbeidsmiljø prega av respekt, tillit og dialog.
- Saman med leiargruppa skal ein ha ein open kommunikasjon med rom for nytenking. Leiinga skal vektlegge samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.
- Har eit avklart forhold til rolla som arbeidsgjevar med god forståing av lov og avtaleverk, og arbeider i samsvar med vedtak i fagskolestyret, samt politiske og administrative vedtak.
- Tek avgjerder og følgjer opp vedtak ved å gjennomføre endringar / endringsprosessar slik at fagskolen kan tilpasse seg til oppgåver og kontekst til ei kvar tid.
- Vidareutviklar føremålstenlege overgangar mellom fagskole og høgskolar, samt gode samarbeidsmodellar med relevant næringsliv og kompetansmiljø.
- Har reflekterte visjonar, god fagleg forankring og evne til å forankre endringar på ein god måte i organisasjonen.

Kvalifikasjonar

- Rektor må ha god kjennskap til fagskolelova, anna relevant lov- og avtaleverk, samt NOKUT sine krav til kvalitet i utdanninga. Det er også ønskeleg at rektor har pedagogisk kompetanse.
- Utdanning innan leiing og organisasjonsutvikling er ønskeleg. Erfaring frå vidaregåande opplæring, fagskole eller høgskole er ein fordel. Erfaring frå organisasjons- og leiararbeid vert lagt vekt på.
- Alle nyttilsetjingar i Hordaland fylkeskommune vert gjort med ei prøvetid på 6 månader.

Søknadsfrist:

06.03.2019

Nøkkelinformasjon:

Annonsør:
Hordaland fylkeskommune

Ref. nr.: 4026483489
Stillingsbrøk: 100%
Fast
Startdato: 01.08.2019
Tal på stillingar: 1

Kontaktinfo:

Hilleiv Elizabeth Runshaug
regionleiar
48045397

Søkjekriterium:

Stad
Bergen


Bransje
Fylkeskommune /
Kommune

Fagfelt
Leiing
Undervisning / Opplæring

Rolle
Leiar

Arbeidsstad:

Haugeveien 28, 5005
Bergen



[Vis arbeidsstaden på eit større kart](#)

Personlege eigenskapar

- Har nødvendige leiareigenskapar.
- Er sosial og inkluderande og byggjer gode relasjonar
- Har stort engasjement og evne til å motivere
- Har gode kommunikasjonsevner og evne til samarbeid
- Er reflektert og resultat- og løysingsorientert
- Arbeider strukturert og systematisk

Vi tilbyr

- Gode offentlege pensjons- og forsikringsvilkår
- Vi har for tida lyst ut fleire stillingar som rektor. Dersom du er interessert i ei eller fleire av dei andre stillingane ber vi deg gjere oss merksam på dette på slutten av søknaden din.
- Vi gjer merksam på at i følge offentleglova § 25, 2. ledd kan opplysningar om søkjaren verte offentleggjort sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på offentleg søkjarliste. Søkjaren vil alltid bli varsla på førehand dersom søkjarlista vert offentleggjort.

Andre opplysningar

- Reiseaktivitet: Du må rekne med å måtte reise noko i samband med jobben

PS 17/19 Ymse